



## Samnanger sokn

Samnanger kyrkjekontor, Hagabakkane 1, 5650 TYSSE  
Tlf.: 56 58 90 10 E-post: [post@samnanger.kyrkja.no](mailto:post@samnanger.kyrkja.no) Organisasjonsnr: 976 995 147

MOTTATT

04 NOV 2014

1.11.2014

Kulturdepartementet, kyrkjeavdelinga  
Postboks 8030 Dept  
NO- 0030 Oslo

# HØYRINGSSVAR FRÅ SAMNANGER KYRKJESTYRE til «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille»

Sender Samnanger kyrkjestyre si uttale til høringsnotatet av 2. sept. 2014, om staten og Den norske kyrkja. (Vedl)

Saka var handsama på møte i kyrkjestyret (soknerådet som fellesråd) 9. oktober.

Skrivet vart også send på e-post.

For Samnanger kyrkjestyre

Britt Haukanes

- kyrkjeverje -

# Høyringsvar til «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille»

## frå Samnanger kyrkjestyre.

Kulturdepartementet sende 2. sept. 2014 ut eit høyringsnotat med framlegg til endringar i kyrkjelova som eit første skritt på vegen for å gje kyrkja større sjølvstende. Grunnlaget ligg m.a. i det politiske kyrkjeforliket 2008 -2013, endringar i Grunnlova om statskyrkjeordninga, vedteke 21. mai 2012, og kyrkjemøtet sitt vedtak i april 2013 der dei ber om det vert etablert eit nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja. Hovudspørsmåla i høyringsnotatet knyter seg til etablering av Den norske kyrkja som eige rettssubjekt og overføring av arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette ved administrasjonen i bispedømeråd og kyrkjeråd. Det neste steget når desse lovendingane vert vedtekne, vil vera at kyrkja sjølv vedtek retningsliner for struktur og organisering.

Ideelt sett, burde kyrkja sjølv ha vedteke kva styringsstruktur dei ynskjer å ha, før desse lovendingane vert gjorde. Når ein no skal føra dei statstilsette over til eit mellombels organ i kyrkja, og byggja opp eit heilt apparat for å administrera dette, er det i beste fall sløsing med tid, pengar og arbeidskraft, i verste fall å laga til ein «mellombels struktur» som fort kan verta varig. Men når no kyrkja ikkje har greidd å avklara desse spørsmåla enno, vert desse mellombelse ordningane naudsynte. Me ynskjer likevel å gje uttrykk for at det då vert viktig å halda trykk på prosessen, slik at han ikkje stoppar opp etter dette første steget. Både kyrkjemøtet sitt vedtak frå 2013 og den store undersøkinga KA gjorde i 2012 mellom sine medlemer, syner at det store fleirtalet i kyrkja ynskjer at dei tilsette i Den norske kyrkja skal ha ein felles arbeidsgjevar, og at ein skal gå bort frå det todelte arbeidsgjevaransvaret me har no.

Det er i alle høve viktig at det grunnlaget som no vert lagt i desse lovendingane, legg gode og tydelege rammer for Den norske kyrkja, slik at det kan verta ein solid grunnmur som kyrkja sjølv kan byggja vidare på. Målet må verta ei betre organisert kyrkje, der soknet framleis er grunneininga. *Difor er det viktig at desse lovendingane ikkje legg føringar som hindrar kyrkja i sitt komande arbeid med sjølv å organisera seg.*

### **Når det gjeld punkt som kan leggja slike føringar, vil me særleg peika på to:**

S. 12 seiast det at "det skal vera prest i kvart sokn, prost i kvart prosti og biskop i kvart bispedøme". Vert dette vedteke, hindrar det kyrkja å ha noko anna enn denne tredelinga i kyrkjestrutturen også i framtida. Då utelukkar ein t.d. organiseringsmodellar som er føreslegne med to av desse nivåa, i staden for tre.

S. 24-25 omhandlar delegasjonssperre frå kyrkjemøtet til soknet. Dette er viktig for å oppretthalda soknet sitt sjølvstende. Men som høyringsnotatet sjølv peikar på, kan dette hindra at tilsetjingsmynde /arbeidsgjevaransvar for prestar vert overført til soknet. Det bør då liggja inne i lova at sjølv om det er ei slik delegasjonssperre, kan det likevel gjerast avtaler mellom sokna og kyrkjemøtet.

### **Prestetenesta og soknet**

I høyringsnotatet vert det fastslege ein lovfesta rett til presteteneste i kvart sokn. Det vert også peika på at lova skal verna om presten sitt sjølvstende. (s. 34-35) Me er glade for at sokna er sikra presteteneste, men meiner også at lova burde innehalda noko om kva rettar soknet har når det gjeld

tilsetjing av prest. At soknet sjølv kan ha reell innverknad på kva prest dei skal ha, vil verkeleg vera å styrkja soknet si stilling og demokratiet i kyrkja. Dette treng likevel ikkje bryta med presten si uavhengige rolle i tenesta si.

Det er elles viktig å ivareta prestar og andre tilsette i prosessen med overdraging frå stat til kyrkje, og det fokuset har høyringsnotatet. Det er likevel viktig å ikkje ta frå dei kyrkjelege organa sitt styrings- og tilsynsansvar med presten. Å dra opp grenser for presten sitt ansvar, andre tilsette sitt ansvar og dei kyrkjelege styringsorganane sitt ansvar, vil høyra inn under Kyrkjemøtet, ikkje under Stortinget.

### **Klageorgan**

Departementet kjem med framlegg om eit klageorgan i kyrkja sentralt, der også prestane sine disiplinærvedtak skal kunna klagast inn. Her legg dei opp til eit "dobbelspora" system der både arbeidsmiljølova og eit eige klagesystem skal gjelda, og der prestane skal ha andre klagerettar enn dei andre tilsette i kyrkja. Med ei arbeidsgjevarline i kyrkja, vil dette vera uheldig.

Eit klageorgan kan likevel vera naudsynt i enkelte andre saker, jmf. retten kommunane har til å klaga forvaltningssaker inn for fylkesmannen.

### **Trusopplæring**

Det undrar oss at høyringsnotatet ikkje seier noko om at det skal vera trusopplæring for alle døypte. I trusopplæringsreforma har staten teke på seg å støtta denne oppgåva, og det bør koma fram t.d. i §22 som omhandlar staten sitt økonomiske ansvar.

### **Økonomi**

Me er glade for at høyringsnotatet peikar på at staten sine løyvingar til kyrkja skal haldast på same nivå og at kommunane sitt ansvar for finansiering av lokalkyrkja er som før.

Når det gjeld økonomiregelverk og rekneskapsføring, ser me at det fins gode argument for at dei skal vera sams for heile kyrkja. Når kyrkja sentralt leverer sine budsjettframlegg til staten, er det eit poeng at desse følgjer statleg mal. Men slik tilhøve mellom kyrkje og kommune er i mange små kommunar, vil det likevel vera vanskeleg å leggja ein slik mal på budsjettframlegg som skal inn til kommunane i samband med tildeling av kommunale midlar. I små kommunar gjer også ofte det kommunale lønskontoret og økonomikontoret tenester for kyrkja med lønnskøyring og rekneskapsføring. Ein statleg mal på rekneskapet vil gjera ei slik teneste vanskeleg. Vert kyrkjestrutturen og /eller kommunestrukturen slik i framtida at me får større einingar med eigne kyrkjelege rekneskapskontor, vert saka ei anna. Me meiner at spørsmålet om felles rekneskapsprinsipp difor først må takast opp etter kyrkja si eiga omorganisering, i "trinn to".

Å avgrensa tilgangen til låneopptak for kyrkja, stiller kyrkja i ein annan situasjon enn andre trus- og livssynssamfunn i Noreg som får statlege tilskot. Bør ikkje det at kyrkja vert eit eige rettssubjekt, også føra med seg at ho vert ansvarleg for eigne økonomiske disposisjonar?

Når det gjeld Opplysningsvesenets fond, bør det definitivt følgja med over til kyrkja. Noko anna vil vera både unaturleg og urimeleg.

### **Språk**

Til slutt vil me nemna at me set pris på at målbrukslova framleis skal gjelda for den administrative delen av kyrkjeverksemda. Men det undrar oss at høyringsnotatet berre ligg føre på bokmål.